

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: **onsdag 16. juni 2021**
Tid: **kl. 15.00**
Stad: **Vindafjord Rådhus, Ølen – eller digitalt på Teams**

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: **post@kontrollutvalgene.no**

Medlemmene i kontrollutvalet kan velje om dei vil møte i formannskapssalen på rådhuset eller delta på Teams.

Ved forfall blir varamedlemer innkalla særskilt. Medlemer som meiner seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.l.*, blir berre sende til medlemer/varamedlemer.

Kommunedirektør og personal- og organisasjonssjef er invitert

SAKLISTE:

14/21 Godkjenning av protokoll fra møte 05.05.21

15/21 Referat- og orienteringssaker 16.06.21

16/21 Orientering fra administrasjonen – personal- og organisasjonssjef

17/21 Innspel fra utvalsleiar til mogleg forvaltningsrevisjon

18/21 Informasjonsstrategi for kontrollutvalet

Ymse

Ølen/Aksdal, 09.06.21

Kristian H. Resset (sign.)
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalsekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (er invitert)
Varamedlemer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	16.06.21	14/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 05.05.21

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 05.05.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Saksvedlegg: Protokoll frå møte 05.05.21

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 05.05.21 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 09.06.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **5. mai 2021** blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Kristian H. Resset.

MØTESTAD:	Vindafjord rådhus, formannskapssalen og Teams
MØTESTART-MØTESLUTT:	Kl. 15.00 – kl. 16.50
MØTANDE MEDLEMER:	Kristian H. Resset (BBL), Olaug Mari Øen (Sp), Anne Tone Salte Andersen (H), Eivind Hetland (Krf), og Knut Severin Berge (Frp) på Teams
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Rekneskapsrevisor Else Holst-Larsen og forvaltningsrevisor Iver Fiksdal – Deloitte AS, på Teams
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Yngve Folven Bergesen og økonomisjef Vegard Bang
ANDRE SOM MØTTE:	Fungerande ordførar Tove Elise Madland
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 08/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 03.02.21

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 03.02.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 05.05.21:

Utalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.05.21:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 03.02.21 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 09/21 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 05.05.21

6. Statusrapport pr. mai 2021
7. Løypemelding frå forvaltningsrevisor om prosjektet «Internkontroll i barnehage og skule»
8. Samarbeidsmøte med politisk leiing, administrasjonen og kontrollutvalet 26.05.21
9. KST-vedtak 16.02.21, sak 07/21 – Årsmelding for kontrollutvalet 2020
10. KST-vedtak 16.02.21, sak 04/21 – Brukarundersøking innan Rus- og psykiatritenesta
11. Oversikt over kostnadene til kontroll og tilsyn pr. april 2021
12. Sak til 17 kommunar - Opptak av 9 kommunar som nye deltakrarar i Rogaland Revisjon IKS
13. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland brann og redning IKS
14. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland Vekst IKS
15. Representantskapsmøte 26.04.21 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
16. Representantskapsmøte 27.04.21 – IKA Rogaland IKS
17. Generalforsamling 30.04.21 – Haugaland Kraft AS
18. NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 21.- 22.04.21- leiar og nestleiar deltok
19. Invitasjon til digital FKT-konferanse 1. – 2. juni 2021
20. KMD mars 2021 -Veileder til kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften

Handsaming i kontrollutvalet 05.05.21:

Leiar orienterte. Han hadde i e-post til sekretariatet bede om at forvaltningsrevisor gav ei løypemelding i møtet om det pågående revisjonsprosjektet «Internkontroll i barnehage og skule». Leiar ønskte å få vurdert om det var mogleg å ta inn problemstillingar knytt til korona. Forvaltningsrevisor Iver Fiksdal deltok via Teams og gav ei løypemelding om status for arbeidet. Han opplyste at det var gjort ein del grunnlagsarbeid og at det var nytta 62 timer. Medlemmene drøfta ulike alternativ for korleis ein skulle gå vidare med prosjektet. Utvalet var samd om å forsetja prosjektet utan endringar. Medlemmene meinte det kunne bli aktuelt å gjennomføra ein forvaltningsrevisjon av koronahandsaminga på eit seinare tidspunkt.

Leiar og nestleiar var særsla nøgde med NKRF sin digitale kontrollutvalgskonferanse.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.05.21:

Referatsaker 6 – 20 blir tatt til orientering.

SAK 10/21 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN –
ØKONOMISJEF

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå økonomisjefen om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 05.05.21:

Økonomisjef Vegard Bang orienterte og viste ein presentasjon. Han starta med ein kort presentasjon av seg sjølv. Han gjorde greie for sitt ansvarsområde, korleis dei var organisert, budsjettet for avdelinga var på 12,2 mill. og hadde 5,6 årsverk. Budsjett, rekneskap, og økonomioppfølging var avdelinga sine primære oppgåver. I tillegg hadde dei ulike støttefunksjonar. Dataprogrammet «Framsikt» var tatt i bruk for budsjettoppfølging og rapportering.

Økonomisjefen svara på spørsmål, om mellom anna korleis eldre blir ivaretatt når stadig meir blir digitalisert, opplæring i «Framtak» også for kontrollutvalsmedlemmer og risikovurdering av sky-løysningar.

Leiar takka for ei nyttig og interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.05.21:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå økonomisjefen om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

SAK 11/21 UTTALE TIL REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2020

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2020 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).

Kontrollutvalet tilrår at Vindafjord kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020.

Handsaming i kontrollutvalet 05.05.21:

Leiar innleia. Han peika på at det var gjort ei lovendring, slik at frå i år skulle utvalet også uttale seg om årsmeldinga frå kommunedirektøren. Leiar meinte det var viktig at utvalet ikkje blei politiske i sine vurderingar og i uttalen.

Rekneskapsrevisor Else Holst-Larsen kommenterte revisor sitt arbeid. Det var ingen merknader i revisjonsmeldinga. I revisjonsrapporten var det peika på ein periodiseringsfeil.

Utvalseiar fremma endringar i sekretariatets framlegg til uttale. Han ønskte å ta vekk unødig karakteristikkar som «mykje betre» og «godt øve» i avsnitt ein. I avsnitt to ønskte han å nytta «korrekt» i staden for «forsvarleg». I fjerde avsnitt ønskte han at «årsmelding» blei tatt inn.

Utvalseiar fremma følgjande alternativ til uttale:

«Vindafjord kommune har i 2020 eit positivt netto driftsresultat med 47,1 mill. kr, som utgjer 5,8 % av driftsinntektene. Resultatet i 2020 ligg over teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2020, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020 totalt sett gjer eit korrekt uttrykk for resultatet av kommunen si verksemد for 2020 og for kommunen sin økonomi pr. 31.12.20.

Utvalet ser også i år grunn til å be kommunestyret om å vera særskilt merksame på realismekravet i kommunelova §14-4 i komande budsjettprosessar.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, som er kome fram i dialog med revisor, som kunne ha noko å seie for utvalet sin uttale, jf. kommuneloven § 11-2.

Ut over ovannemnde og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet, samt revisors orientering om årsoppgjeret og revisjonsmeldinga, har ikke kontrollutvalet merknader til årsmelding og årsrekneskap for i 2020 Vindafjord kommune.»

Utvalet stetta leiar sitt framlegg.

Leiar sitt framlegg blei samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.05.21 og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kontrollutval vedtek følgjande uttale til årsrekneskap og årsmelding 2020:

Vindafjord kommune har i 2020 eit positivt netto driftsresultat med 47,1 mill. kr, som utgjer 5,8 % av driftsinntektene. Resultatet i 2020 ligg over teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2020, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020 totalt sett gjer eit korrekt uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2020 og for kommunen sin økonomi pr. 31.12.20.

Utvalet ser også i år grunn til å be kommunestyret om å vera særskilt merksame på realismekravet i kommunelova §14-4 i komande budsjettprosessar.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, som er kome fram i dialog med revisor, som kunne hatt noko å seie for utvalet sin uttale, jf. kommuneloven § 11-2.

Ut over ovannemnde og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet, samt revisors orientering om årsoppgjeret og revisjonsmeldinga, har ikkje kontrollutvalet merknader til årsmelding og årsrekneskap for i 2020 Vindafjord kommune.

Kontrollutvalet tilrår at Vindafjord kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020.

SAK 12/21 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR REKNESKAPSÅRET 2020 – REVISOR SI ATTESTASJON OM ØKONOMIFORVALTNINGA

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2020 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 05.05.21:

Leiar innleia. Rekneskapsrevisor Else Holst-Larsen kommenterte. Ho opplyste det ikkje var funne svakheiter eller noko særskilt å rapportere i deira arbeid.

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.05.21:

Vindafjord kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2020 til orientering.

SAK 13/21 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «ØKONOMISTYRING INNAN HELSE OG OMSORG»

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Økonomistyring innan helse og omsorg» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 05.05.21:

Leiar innleia og viste til kommunedirektøren si skriftlege tilbakemelding. Medlemmene hadde ingen merknader og var nøgd med tilbakemeldinga.

Leiar fremma følgjande tillegg til innstillinga som eit nytt pkt. 2:

«Vindafjord kommunestyre ber kommunedirektøren utarbeide ei resultatmelding som skal syne status for og resultat i oppfølginga av revisjonsrapporten. Resultatmeldinga skal følge som vedlegg til årsmelding og årsrekneskap for 2021.»

Medlemmene stetta leiar sitt framlegg. Innstillinga og leiar sitt framlegg om eit nytt pkt. 2 blei samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.05.21 og innstilling til kommunestyret:

1. *Vindafjord kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Økonomistyring innan helse og omsorg» til orientering.*
2. *Vindafjord kommunestyre ber kommunedirektøren utarbeide ei resultatmelding som skal syne status for og resultat i oppfølginga av revisjonsrapporten. Resultatmeldinga skal følge som vedlegg til årsmelding og årsrekneskap for 2021.*

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: onsdag 16.06.21, kl. 15.00

Ølen/Aksdal, 05.05.21

Kristian H. Resset
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekreter

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	16.06.21	15/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 16.06.21

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker 21 – 28 blir tatt til orientering.

Saksvedlegg:

21. Statusrapport pr. juni 2021
22. Løypemelding fra forvaltningsrevisor om prosjektet «Internkontroll i barnehage og skule»
23. Referat fra samarbeidsmøte 26.05.21 med politisk leiing, administrativ leiing og leiar, nestleiar og sekretær i kontrollutvalet
24. Oversikt over kostnadene til kontroll og tilsyn pr. juni 2021
25. Representantskapsmøte 26.05.21 – HIM IKS
26. FKT-konferanse 1. – 2. juni 2021 – leiar og nestleiar deltok
27. KST-sak - Rogaland Revisjon IKS – godkjenning av selskapsavtale, samarbeidsavtale og eigarstrategi
28. KMD sitt brev av 03.06.21 vedk. varsling til kontrollutvalet om møter i selskap

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 09.06.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Statusoversikt juni 2021 - kontrollutvalet

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Internkontroll i barnehage og skule	03.02.21	250 timer	Under utarbeiding	08.09.21	9 problemstillingar
Andre saker					
Orientering frå personalsjef	16.06.20			16.06.21	

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama av KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Økonomistyring innanfor helse og omsorgstenesta	27.05.20	04.11.20	15.12.20	05.05.21/mai 2022	Ny oppfølging i mai 2022

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgt opp i KU/KST	Merknader
Plan for eigarskapskontroll	20.11.20	09.09.20/14.10.20	27.10.20		
Plan for forvaltningsrevisjon	20.11.19	09.09.20/14.10.20	27.10.20		
Rus- og psykiatritenesta	21.11.18	02.10.19	19.11.19	09.09.20/22.09.20	Avslutta
IKT og informasjonstryggleik	22.11.17	12.09.18	31.10.18	08.05.19/28.05.19	Avslutta
Samhandlingsreforma	16.11.16	13.09.17	31.10.17	25.04.18/29.05.18	Avslutta
Orientering frå økonomisjef	16.06.20			05.05.21	
Orientering om helse og omsorg	16.06.20			03.02.21	
Orientering om oppvekst	16.06.20			04.11.20	
Orientering frå kommunedirektøren	16.06.20			09.09.20	

Prioriterte prosjekt i Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for eigarskapskontroll

Prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt:

1. Internkontroll og kvalitetssystem, bestilt i møte 03.02.21, sak 5/21
2. Investeringar
3. Barnevernstenesta
4. Digitalisering og IKT
5. Plan- og byggesak

Prioriterte prosjekter for eigarskapskontroll:

1. Vindafjord tomteselskap AS
2. Krisesenter Vest IKS
3. Arbeidsmarknadsbedrifter
4. Haugaland brann og redning IKS

REFERAT

SAMARBEIDSMØTE MELLOM POLITISK LEIING, ADMINISTRATIV LEIING OG KONTROLLUTVALET I VINDAFJORD KOMMUNE

Onsdag 26. mai 2021 blei det halde samarbeidsmøte mellom politisk leiing, administrativ leiing og leiar, nestleiar og sekretær for kontrollutvalet i Vindafjord kommune.

MØTESTAD:	Vindafjord rådhus, formannskapssalen og Teams
MØTESTART-MØTESLUTT:	Kl. 14.00 – kl. 15.10
TIL STADE VAR :	Ordførar Ole Johan Vierdal (Sp) - Teams Fungerande ordførar Tove Elise Madland (Ap), til kl. 14.55 Kommunedirektør Yngve Folven Politisk sekretær Gunnbjørg Nesbu Leiar i kontrollutvalet Kristian H. Resset (BBL) - Teams Nestleiar i kontrollutvalet Anne Tone Salte Andersen (H) Seniорrådgjevar/utvalsekretær Odd Gunnar Høie

FØLGJANDE SAKER BLEI DRØFTA:

Kontrollutvalsleiar leia møtet. Han viste ein presentasjon og forklarte at formålet med møtet var:

- Synleggjering av kontrollutvalet (KU) sine oppgåver og rolle
- KU sin status og plassering i kommunen
- Sikre god samhandling mellom KU og KS/administrasjon
- Forbetring og utvikling av KU sitt arbeid

Utvalsleiar viste til «Kontrollutvalsboka» og Forum for kontroll Tilsyn. Han gjorde greie for kontrollutvalet sine oppgåver, og kva som ikkje er kontrollutvalet sitt mandat.

Utvalet si rolle i forhold til ordførar, kommunestyret og administrasjonen blei også gjort greie for.

Følgjande tema blei diskutert i plenum:

- KU må «vera med» ved oppstart av ny periode
- KU meir synleg og inkludert m.a. via kommunen sine nettsider
- God samhandling mellom KU-sekretariat/pol. sekretariat/adm.
- Kva køyregler gjeld når KU legg fram saker for KST?
- Kva forventningar har ordførar/KU når ordførar deltek i møte?
- Erfaringar/vurderingar frå administrasjonen

Kommunedirektøren forklarte at kontrollutvalet ikkje var uteglemt, men at utvalsmedlemmene ikkje var valde då fyrste del av folkevaldopplæringa blei gjennomført i denne valperioden. Administrasjonen vil arbeida for at kontrollutvalet blir tatt med på alle dagar med opplæring i neste periode.

Utvalssekretær meinte samarbeidet mellom dei ulike aktørane i Vindfjord fungerer godt. Administrasjonen og sekretariatet samhandlar på ein god måte. Sekretären opplyste at det no er mogleg å leggja kontrollutvalet sine saksdokument, protokollar mm. inn i oversikten over politiske møte (ACOS) på nettsida til kommunen. Administrasjonen vil følgje dette opp.

Kontrollutvalsleiar peika på at det viktig at rollene som kontrollutvalsleiar og kommunestyrrepresentant er avklart i handsaming av saker frå kontrollutvalet i kommunestyret. Særleg gjeld det i saker der det er dissens i kontrollutvalet si innstilling, og utvalsleiar er blant mindretalet. Nestleiar meinte at i ein slik situasjon kunne det vere aktuelt at ho deltok i kommunestyrehandsaminga.

Utvaleiar meinte det var nyttig at kommunedirektør og ordførar var til stades i kontrollutvalsmøta. Han meinte rolleavklaringar ikkje vil vere noko problem. Ordførar og fungerande ordførar stetta hans syn.

Utvaleiar, kommunedirektør og ordførar meinte det kunne vere nyttig å ha eit møte med det nye revisjonsselskapet (Rogaland Revisjon IKS) til hausten, for å diskutera og avklare forventningar til mellom anna forvalningsrevisjonar.

Kommunedirektøren takka utvalediar for initiativet til møtet, og meinte det hadde vore eit nyttig møte.

Aksdal 26.05.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Budsjettoppfølging kontroll og revisjon 2021

Til og med periode 5. Tal per 7. juni.

Ansvar	Teneste	Art	Budsjett hiå	Rekneskap hiå	Avvik	Budsjett
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10800 Godtgjersle politiske verv	12 355	12 350	5	29 600
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10801 Møtegodtgjersle	1 490	3 009	-1 519	13 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10802 Tapt arbeidsforteneste	325		325	2 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10990 Arbeidsgjeveravgift	1 865	2 133	-268	6 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11151 Bevertning	472	880	-408	2 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11306 Utgiftsdekning telefoni		292		-292
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11501 Opplæring og kurs	12 495	5 800	6 695	30 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11600 Skyss og kostgodtgjersle	1 960		1 960	4 700
1006 Politisk	1103 Kontrollutval	11651 Andre opplysningspliktige godtgjersler	290		290	700
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11950 Kontigentar	6 799	7 000	-201	7 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	13801 Kjøp frå IKS	106 000	106 000	0	212 000
Sum			144 051	137 464	6 587	307 000
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	13700 Kjøp ekstern tenesteprod. (erstatter komm teneste)	193 675	176 010	17 665	465 000
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	14290 Mva som gir rett til mva-komp.	48 415	44 003	4 412	116 250
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	17290 Mva-kompensasjon drift	-48 415	-44 003	-4 412	-116 250
Sum			193 675	176 010	17 665	465 000
Sum			337 726	313 474	24 252	772 000

HIM
 Telefon 52 76 50 50
 Telefax 52 76 50 51
 e-post: him@him.as



Representantskapet

Dato 29.04.21

I NNKALLI NG TI L MØTE I REPRESENTANTSKAPET HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK ONSDAG 26. MAI 2021 KL 15.00

Det innkalles til møte i representantskapet for Haugaland Interkommunale Miljøverk, jf. §8 i loven og §10 i vedtekten. Møtet holdes onsdag 26.05.21 kl 15.00-17.00 på Toraneset Miljøpark, event. på Teams om smittesituasjonen tilsier det.

Saksdokumentene blir sendt ut i uke 19. Dersom noen ikke kan møte, ber vi om å bli varslet snarest over tlf 52 76 50 50 eller e-post: gro.staveland@him.as

Følgende representanter innkalles:

Bokn	Egil Våge
Bokn	June Grønnestad
Etne	Ordfører Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Etne	Varaordfører Kenneth Lyng Karlsen
Haugesund	Astri Furumo
Haugesund	John W. Pettersen
Haugesund	Karoline Sjøen Andersen
Haugesund	Arne Trygve Løvvik
Tysvær	Ordfører Sigmund Lier
Tysvær	Varaordfører Sven Ivar Dybdal
Vindafjord	Ordfører Ole Johan Vierdal
Vindafjord	Varaordfører Tove Elise Madland

Varamedlemmer som varsles og kan bli innkalt ved forfall:

Bokn	Lillian Grønnestad og Erik Nilssen
Etne	Kristin Golf og Knut Erik Ebne
Haugesund	Bjørn Breivik, Laila Tjerandsen, Sjur Risanger og Svein Inge Huseby
Tysvær	Lillian Vikra og Gunn Marit Lygre
Vindafjord	Gustav Løge Fosse og Modolf Haraldseid

Alle deltakerkommunene er varslet ved ordfører.

Innkallingen sendes også til:
 Haugaland kontrollutvalgssekretariat
 Styreleder i HIM, Arild Karlsen

Saksliste:

Evt. merknader til innkallingen
Valg av møteleder og protokollfører
Valg av 2 representanter til å signere protokollen sammen med møteleder
Godkjenning av saksliste

Referat- og orienteringssaker:

21.01 Protokoll fra møte i representantskapet 02.12.20
21.02 Orientering om HIM pr mai 2021 inkl. revidert strategiplan - ved Gro Staveland
21.03 Orientering om samarbeid mellom HIM og Karmøy kommune - ved Astri Furumo
21.04 Orientering om regnskap og årsmelding 2020 og andre nøkkeltall - ved økonomi- og administrasjonsleder Trond Kampen

Vedtakssaker:

21.05 Årsmelding og regnskap 2020

Astri Furumo
Leder representantskapet

Gro Staveland
Adm direktør

Fagkonferanse 1.-2. juni 2021 – Digital

Velkommen til fagkonferansen 2021, 1.-2. juni

Den årlige fagkonferansen 1.- 2. juni, skal arrangeres digitalt. Beslutningen ble tatt av styret 15. mars. Programmet vil tilpasses til et digitalt opplegg. Vi kommer tilbake med mer informasjon om organiseringen av arrangementet

Program:

Dag 1: 09.00 til ca. 12.00

- Samspillet mellom stat og kommune i en krisetid
- Hvordan har kontrollutvalget i en ny sammenslått kommune funnet sin rolle i et år med pandemi?
- Henvendelser til kontrollutvalget – til besvær eller begjær?

Dag 2: 09.00 til ca. 12.30

- Hva er ”kommunal økonomisk bærekraft” og hvordan angår det kontrollutvalget?
- Evaluering av valg til kontrollutvalg
- Kommunalt barnevern i et internasjonalt søkelys
- Habilitet i kommuner – kan vi snakke om rollekarusell? Saker som har vært omtalt i media

Detaljert program blir lagt ut når det er klart

Konferanseavgift:

- Kr 2 900 (ikke medlem kr 3 300)
- Kr 1 900 for en dag (ikke-medlem 2 300)

Påmelding:

Iøpende



Saksbehandlar: Gunnbjørg Nesbu

Kommunedirektør/rådmann: Yngve Folven Bergesen

Dato: 18.05.2021

Arkivsak-ID.: 21/6662

JournalpostID: 21/8855

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/21	Formannskapet	08.06.2021
	Kommunestyret	

Rogaland Revisjon IKS - Godkjenning av selskapsavtale, samarbeidsavtale og eigarstrategi

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Vindafjord kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå og med 01.07.2021.
2. Vindafjord kommune sitt innskot og eigardel i Rogaland Revisjon IKS på kr. 120 100, eigardel på 2,04 % - blir dekka med overføring frå kommunen sitt generelle disposisjonsfond.
3. Kommunestyret godkjenner selskapsavtale datert 01.07.2021 (vedlegg 2) og samarbeidsavtale datert 01.07. 2021 (vedlegg 3).
4. Kommunestyret godkjenner Rogaland Revisjon IKS sin eigarstrategi (vedlegg 4).

Saksutgreiing

Samandrag

Gjeldande revisjonsavtalar med private selskap som utfører rekneskaps- og forvaltningsrevisjon for kommunane på Haugalandet utløper 01.07.2021. Samtlege kommunar; Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær, Sauda, Etne, Bokn, Vindafjord og Utsira har i vedtak hausten 2020 søkt om opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS.

Dagens eigarkommunar i Rogaland Revisjon IKS har med eigne kommunestyrevedtak godkjent utviding med kommunane på Haugalandet.

Denne saka gjeld formell godkjenning av selskapsavtale, samarbeidsavtale samt eigarstrategi i Rogaland Revisjon IKS; samt finansiering av innskot og eigardel i Rogaland Revisjon IKS.

Bakgrunn for saka

KS-061/20 Vedtak:

Vindafjord kommunestyre vel å gå inn i eit interkommunalt samarbeid om levering av revisjonstjenester, gjennom å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21.

Selskapet vert då kommunen sin oppdragsansvarleg revisor innan rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i åra framover.

Kommunedirektøren legg fram sak om den nye selskapsavtalen og finansiering av innskot, seinare i haust, eller på nyåret 2021.

Haugaland Kontrollutvalssekretariat har i brev av 16.11.2020 til Rogaland Revisjon IKS oversendt vedtaka frå by-/kommunestyra i Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sauda, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord om å søkje opptak som deltagarar i selskapet frå 1. juli 2021 (vedlegg 1A-1J). I samsvar med selskapet sin strategi stiller både styret i Rogaland Revisjon IKS og representantskapet seg positive til utvida eigarskap frå kommunane på Haugalandet.

Sak om opptak av nye deltagarar i eit interkommunalt selskap skal i samsvar med selskapsavtale handsamast av samtlege eigarar sine kommunestyre. Opptaket er avhengig av godkjenning hos samtlege nåverande eigarkommunar i selskapet.

Kommunedirektørane/rådmennene i dei åtte kommunane på nord-Jæren, samt fylkeskommunen har i fellesskap saksbehandla søknadane frå kommunane på Haugalandet.

Kommunestyra/fylkestinget i nåverande eigarkommunar har godkjent søknadane. Det er foretatt nødvendige oppdateringar av selskapsavtalen, samarbeidsavtalen og eigarstrategien, som med dette også blir lagt fram for Vindafjord kommunestyre til godkjenning.

Saks- og faktaopplysningar

Søknad om opptak frå ni by-/kommunestyre

Det er kontrollutvala i kvar av dei ni kommunane som i medhald av Kommunelova har saksførebudd val av revisjon for kommunen. Dei respektive ni by-/kommunestyra behandla sak om val av levering av revisjonstenester hausten 2020. Alternativa som låg føre var å fortsette med ei konkurransebasert lysing og gå ut på ny førespurnad ved utløpet av inneverande avtale eller søkje om deltaking i interkommunalt samarbeid i Rogaland Revisjon IKS. Dei omsøkte ni by-/kommunestyra vedtok å søkje deltaking i interkommunalt samarbeid frå 01.07.2021 om leveransen av revisjonstenestene.

Kontroll og tilsyn med kommunen si verksemd er jf. kommunelova lagt til kontrollutvalet. Utvalet utøver bestillarrolla ovanfor kommunen sin revisor når det gjeld forvaltningsrevisjon. Dei ni kontrollutvala på Haugalandet får i dag sine sekretariattenester frå Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS. Nåverande eigarkommunar i Rogaland Revisjon IKS sine kontrollutval får tilsvarande tenester frå Rogaland Kontrollutvalssekretariat IKS, mens fylkeskommunen har valt å ha eige sekretariat hjå seg.

Med utvidinga av nye deltagarar i Rogaland Revisjon IKS og det faktum at Rogaland Kontrollutvalssekretariat IKS må omdannast som følge av ny kommunelov, gjer at det er behov for å sjå nærmare på ei hensiktsmessig framtidig løysing for sekretariatstenestene til eigarkommunane i Rogaland Revisjon IKS. Det er naturleg å utføre dette arbeidet hausten - 2021, og etter at kommunestyra i nye deltagarkommunar har behandla saka om å gå inn i Rogaland Revisjon IKS som eigarar.

Målet for arbeidet er å finne fram til effektive og hensiktsmessige løysingar for så vel kontrollutvala som Rogaland Revisjon IKS samt alle eigarkommunane.

Eigarbrøk og kapitalinnskot ved inngong i selskapet

Opptak av nye deltagarar blir regulert av Selskapsavtalen og Samarbeidsavtalen i Rogaland Revisjon IKS.

Selskapskapitalen og storleiken på eingongsinnbetalinga er med på å fastsette kva eigarandel

kommunen har i selskapet. Selskapskapitalen før utviding med nye kommunar er pålydande 4,050 mill. kroner, etter at Suldal gjekk inn med eigardel på 50 000 kroner.

Eigarbrøken i selskapet blei ved etableringa fastsett slik (jf. Samarbeidsavtalen):

«Av totalt kapitalinnskudd skyter Rogaland fylkeskommune inn kr 1,0 mill. som tilsvarer 25% eierandel. Resterende kr 3,0 mill. fordeles på deltakerkommunene i henhold til folketallet pr 1.1.2003 som blir deltakerkommunenes eierandel i selskapet.»

Ved Time kommune sin utgong av selskapet i 2005 blei eigarbrøken justert for Time sin andel og reberekna med grunnlag i folketallet pr 1.1.2005, med nokre tilpasningar.

Dette betyr at det er kapitalinnskotet pr. kommune, folketallet pr 1.1.2005 og fordelinga mellom fylkeskommunen og primærkommunane som har betydning for fastsetting av eigarbrøken.

Eigarbrøken har til no hatt betydning ved stemmegiving i representantskapet. Drifta har ikkje aktualisert spørsmål som f.eks. utbytte der eigarbrøk har betydning.

I tråd med selskapsdokumenta og med kronebeløp på 12,80 pr. innbyggjar medfører opptaket av dei ni nye kommunane følgjande endringar i eigarandel:

Kommune	Selskapskapital	Eierandel Oppr. %	Eierandel 1.1.2017	Eierandel 1.1.2020	Eierandel 1.7.2021
Kvitsøy	6 000	0,15	0,14	0,14	0,11
Forsand	11 600	0,29	0,31		
Hjelmeland	32 000	0,80	0,76	0,76	0,60
Bjerkreim	28 400	0,71	0,68	0,68	0,54
Finnøy	32 400	0,81	0,77		
Lund	35 600	0,89	0,87	0,87	0,68
Sokndal	37 600	0,94	0,92	0,92	0,72
Rennesøy	35 600	0,89	0,93		
Randaberg	103 600	2,59	2,52	2,52	1,98
Gjesdal	101 600	2,54	2,57	2,57	2,02
Strand	116 800	2,92	2,89	2,89	2,28
Eigersund	151 600	3,79	3,72	3,72	2,93
Hå	166 400	4,16	4,10	4,10	3,22
Sola	226 800	5,67	5,50	5,50	4,33
(nye) Sandnes	636 000	15,90	15,97	16,28	12,81
(nye) Stavanger	1 278 000	31,95	31,59	33,29	26,20
Rogaland Fylkeskommune	1 000 000	25,00	24,69	24,69	18,71
Suldal	50 000	0	1,08	1,08	0,85
Selskapskapital. før utviding	4 050 000	100 %	100%	100%	
Karmøy	481 600				8,19
Haugesund	404 200				6,88
Tysvær	120 100				2,04
Vindafjord	104 100				1,77
Sauda	61 800				1,05
Sveio	60 000				1,02
Etne	50 000				0,85
Bokn	9 860				0,17

Utsira <i>Sum auke av selskapskapital</i>	2 730 <i>1 294 390</i>				0,05 <i>22,02</i>
Selskapskapital etter utvidinge	5 344 390				100,00

Primærkommunane: 81,29 % og Rogaland fylkeskommune 18,71% frå 1.7.2021

Innbetalinga av kapitalinnskot er ei eingongsutgift for dei nye kommunane som går inn som eigarar. Utgifa skal rekneskapsførast i investeringsrekneskapen.

Øvrige utgifter og økonomisk ansvar

Det følgjer av IKS lova at deltararane i selskapet er prorata ansvarleg for selskapet si gjeld og forplikting dvs. økonomisk ansvar i samsvar med eigarbrøken.

Av selskapet sin avtale § 12 til Rogaland Revisjon IKS følgjer at låneramma er avgrensa oppover til kr 4 mill. totalt. Verksemda sin art gjer at behovet for lånefinansiering er lågt og pr. d.d. er ikkje ramma disponert.

Selskapet fakturerer timeforbruket i samsvar med timepris som blir fastsett i årleg økonomiplanbehandling. Ved etableringa av selskapet blei det fastsett som prinsipp at eigarkommunane prioriterer å fasthalde ei moderat timeprisutvikling over tid, i staden for ein utbyttestrategi. Faktisk timeprisutvikling stadfestar eigarane si forventning. Samtidig har fondsoppbygginga vore på eit moderat nivå og står nå i rimeleg forhold til kva det må forvente at selskapet har av opparbeidde midlar til sjølv å kunne foreta utsifting av teknisk utstyr som er nødvendig for ein effektiv tenesteproduksjon i ei personell- og kompetanseintensiv verksemd som revisjonen er.

Det blir lagt til by-/kommunestyret i den respektive eigarkommune å fastsette den årlege budsjetttramma for kontrollutvalet og denne si verksemdt. Inkludert i budsjetttramma er revisjonstenestene som blir kjøpt frå Rogaland Revisjon IKS.

Det påløper ingen ytterlegare faste utgifter knytt til deltaking i Rogaland Revisjon IKS, for eigarkommunane.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Alle dei ni søkerkommunane har i dialog med Rogaland Revisjon IKS vore klare i forventningane til kvalitet, lærings- og forbetningsfokus i forvaltningsrevisjonar som blir utført av selskapet.

Ved å gå inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS og med det ei utviding av selskapet, blir det i enda større grad moglegheit til å bidra til kunnskapsdeling på tvers av kommunane. Erfaringsgrunnlaget for samanlikningar aukar og mogleheitene for å hente ut «beste praksis» for bruk i mellom anna forvaltningsrevisjonar blir styrka. Fleire av eigarkommunane står i eit betydeleg omstellingsarbeid for å tilpasse verksemda til dei økonomiske rammene kommunen har. I dette arbeidet er kunnskapsdeling og læring på tvers eit vesentleg verktøy for å arbeide målretta og til oppnå resultat på både kort og lang sikt.

I løpet av hausten 2021 er det behov for både å utføre eit arbeid med omsyn til framtidig løysing for sekretariatsfunksjon for kontrollutvala som følgje av utvidinga og tilpasningar til ny kommunelov. Vidare er det behov for å revidere eigarstrategien over selskapet, slik at den er meir i tråd med eigarfellesskapet si samlande forventning til selskapet. Eigarstrategi som ligg inne som vedtaksgrunnlag nå, er den som opprinneleg var grunnlaget då selskapet blei etablert, og det er

stort behov for å modernisere denne. I desse arbeida må både noverande kontrollutvalssekretariat og styret i Rogaland Revisjon IKS involverast.

I samsvar med eigarstrategien si forventning om utvikling av selskapet, og selskapet sin eigen strategi om kvalitet og utvikling av ein dyktig kommunerevisjon, tilrår kommunedirektøren at Vindafjord kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.2021. Innskuddskapital på 104 100 kroner blir dekka av kommunen sitt generelle disposisjonsfond.

Vedlegg:

Val av revisjon frå 01.07.2021 - Sak frå kontrollutvalet til kommunestyret

Eigarstrategi Rogaland Revisjon IKS

Samarbeidsavtale Rogaland Revisjon IKS

Selskapsavtale Rogaland Revisjon



**DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT**

Forum for Kontroll og Tilsyn
Postboks 41 Sentrum
0101 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

21/2712-2

3. juni 2021

Spørsmål til kommuneloven § 23-6 – varsling til kontrollutvalget om møter i selskap

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til e-post 29. april 2021 fra Forum for Kontroll og Tilsyn. Dere ber om en avklaring av *hvem* som har en plikt til å sende varsel til kontrollutvalget om at det skal avholdes møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarende organer etter kommuneloven § 23-6 fjerde ledd.

I kommuneloven § 23-6 fjerde ledd står det at kontrollutvalget "skal varsles". Ordlyden gir ikke svar på hvem som har en plikt til å varsle. Problemstillingen er heller ikke berørt i forarbeidene. Departementet har derfor lagt avgjørende vekt på den forståelsen som framstår mest hensiktsmessig. Vi antar at det er mest nærliggende at eier-/deltakerkommunen sender slikt varsel. Det vil være langt enklere for den enkelte kommunen å informere kontrollutvalget i forbindelse med møter, enn det vil være for et selskap som kan ha mange eier-/deltakerkommuner. Denne løsningen passer også med virkeområdet til kommuneloven. I § 1-2 er det fastsatt at loven gjelder for kommuners virksomhet. Det trekker i retning av at det er kommunen som er pliktsubjekt etter loven i tilfeller hvor det ikke tydelig fremkommer noe annet.

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Siri Sand Kaastad
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Postadresse Postboks 8112 Dep 0032 Oslo postmottak@kmd.dep.no	Kontoradresse Akersg. 59 www.kmd.dep.no	Telefon* 22 24 90 90 Org.nr. 972 417 858	Avdeling Kommunalavdelingen	Saksbehandler Siri Sand Kaastad 22 24 70 94
--	---	---	--------------------------------	---

SAKSGANG		
Utvale	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	16.06.21	16/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – PERSONAL- OG ORGANISASJONSSJEF

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå personal- og organisasjonssjefen om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Saksorientering

Utalet vedtok i møtet 16.06.20, sak 14/20 følgjande:

<i>Møtet 09.09.20</i>	<i>administrasjonen v/rådmann</i>
<i>Møtet 04.11.20</i>	<i>oppvekst v/kommunalsjef Eide</i>
<i>03.02.21</i>	<i>helse og omsorg v/kommunalsjef Gjerdevik</i>
<i>05.05.21</i>	<i>økonomiavd. v/økonomisjef Bang</i>
<i>16.06.21</i>	<i>personal- og organisasjonssjef v/Dahle</i>
<i>08.09.21</i>	<i>samfunnsutviklar v/kommunalsjef Sandvik</i>

Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikke har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane kommunen har. Planen/invitasjonen blei oversendt kommunedirektøren 18.06.20

Vindafjord kontrollutval har utforma følgjande tre spørsmål som kommunalsjefen blir beden om å svare på i orienteringa:

Kan det gjerast rede for korleis den enkelte avdeling ligg i henhold til budsjett, ved avvik venlegast kom med ei kort oppsummering på kvifor?

Hvor mange aviksmeldingar er motteke ved din/dine avdelingar og på kva måte blir dei handterte?

Korleis er sjukefråværet pr. avdeling og kva evt. tiltak blir satt i verk for å redusere dette?

Aksdal, 09.06.2021

Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	16.06.21	17/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

INNSPEL FRÅ UTVALSLEIAR TIL MOGLEG FORVALTNINGS-REVISJON

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutvaltar utvalsleiar sitt innspel knytt til ein mogleg forvaltningsrevisjon om mellom anna journal- og postlisteføringar og svarfristar til orientering.

Utalet tar med seg innspelet vidare når nye forvaltningsrevisjonsprosjekt skal veljast.

Saksorientering

Bakgrunn

Kontrollutvalet i Vindafjord gjorde følgjande vedtak i møte 03.02.21 under sak Ymse:

Oppfølging av innspel frå innbyggjarar

Utvalsleiar var blitt kontakta av ein innbyggjar om kommunen si rolle og handlemåte i ei tvistesak om veg. Sjølv saka handterast i andre instansar, men kontrollutvalet bør sjå på om det er noko i kommunen si handtering som kan vera utgangspunkt for oppfølging innafor utvalet sitt mandat.

Leiar vil saman med sekretariatet førebu ei sak på dette til eit seinare møte.

Kontrollutvalet sine oppgåver

I følgje kommunelova § 23-2 skal kontrollutvalet sjå til at:

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
 - b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
 - c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
 - d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
 - e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.
-

Kontrollutvalget kan kreve at kommunen eller fylkeskommunen legger fram enhver opplysning, redegjørelse eller dokument som utvalget finner nødvendig for å utføre sine oppgaver. Kontrollutvalget kan også foreta undersøkelser som det mener er nødvendige. Taushetsplikt er ikke til hinder for å gjennomføre kontrolltiltak etter dette ledet.

Handsaming av innspel

I møtet 09.09.20, sak 23/20 handsama kontrollutvalet korleis utvalet skal handsama innspel til utvalet. Utvalet tok utgreiinga til orientering. I saksframlegget stod det mellom anna:

I «Veileder for sekretariat for kontrollutvalg» utarbeida av FKT i 2019 står det følgjande i kapittel 7:

Henvendelser til kontrollutvalget

De fleste kontrollutvalg får henvendelser fra innbyggere eller andre aktører som mener de har en sak for kontrollutvalget. I utgangspunktet er det slik at kontrollutvalget ikke har plikt til å behandle andre enn de saker som det får deg forelagt fra kommunestyret eller der det fremgår av lov og forskrift. Dette innebærer at kontrollutvalget må vurdere om en henvendelse hører inn under kontrollutvalgets oppgaver og om kontrollutvalget vil prioritere saken.

Når sekretariatet lager saksfremlegg på grunnlag av henvendelser, bør det framgå under «saksopplysninger» hva henvendelsen dreier seg om. Det kan også være behov for at sekretariatet innhenter flere opplysninger før henvendelsen legges fram for kontrollutvalget.

Sekretariatet kan videre gi sin vurdering av om henvendelsen faller inn under utvalgets kompetanseområde eller ikke.

Sekretariatet bør ikke hente inn informasjon for selv å vurdere sannhetsinnholdet i henvendelsen. Eventuell informasjon som sekretariatet innhenter (for eksempel i en oppfølgingssamtale med den som har sendt henvendelsen) bør bare benyttes som grunnlag for å vurdere om, og hvordan henvendelsen bør følges opp.

Noen henvendelser, for eksempel tips om misligheter, er det opplagt at kontrollutvalget bør gå videre med. Andre er mer generelle og mangelfulle, og det kan være vanskelig å følge opp. Hvis kilden er ukjent eller ikke ønsker å gi utfyllende opplysninger, bør sekretariatet ta med i vurderingen om kontrollutvalget bør ta henvendelsen til orientering uten videre oppfølging. Sekretariatet kan også diskutere med utvalget om kontrollutvalget bør gi KU-leder mandat til å gjøre slike vurderinger før henvendelsene legges fram.

Sekretariatet bør involveres både for å bidra med faglige råd, og for holde oversikt med hva som skal arkiveres.

Et forslag til vedtak fra sekretariatet om å undersøke saken videre bør inneholde en beskrivelse av det som skal undersøkes og hvem som bør foreta undersøkelsen. Fokuset bør være på systemkontroll.

Det er viktig å huske på at kontrollutvalget ikke er et klageorgan, og at det derfor ikke behandler klager på vedtak som har vært til administrativ behandling og det fortsatt finnes andre klagemuligheter som ikke er prøvd. I slike tilfeller er det naturlig å vise til rett klageinstans (klagenemnder, fylkesmannen, sivilombudsmannen etc.). Det er også viktig at kontrollutvalget ikke behandler saker som kan bære preg av politisk omkamp.

Sekretariatet sine oppgåver

I kommunelova § 23-7 om sekretariat står det mellom anna:

Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstiller utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.

Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til

a) ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget

.....
Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.

I følge forskrift om kontroll og revisjon heiter det:

§ 7. Sekretariatets oppgaver

Sekretariatet skal forberede sakene for kontrollutvalget og skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet. Sekretariatet skal også påse at kontrollutvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet sine oppgåver er mellom anna å førebu utvalet sine saker og kome med framlegg til innstilling.

Plan for forvaltningsrevisjon

Vindafjord kommunestyret vedtok Plan for forvaltningsrevisjon i møtet 27.10.20, sak 63/20. Følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt er prioritert i planen:

1. *Internkontroll og kvalitetssystem* (under utarbeiding)
2. *Investeringar*
3. *Barnevernstenesta*
4. *Digitalisering og IKT*
5. *Plan- og byggesa*k

Utvalet tinga prosjektet om «*Internkontroll og kvalitetssystem*» i møtet 03.02.21, sak 5/21. Forvaltningsrevisor gav ei løypemelding til utvalet om prosjektet i møtet 05.05.21 og rapporten vil venteleg vere klar til septembermøtet.

I e-post 22.04.21 til sekretariatet skriv utvalsleiar følgjande:

Kontrollutvalsleiar har fått forespurnad om at kontrollutvalet bør sjå nærare på kommunen si sakshandsaming i ei konkret sak. Saka har utgangspunkt i ein nabostrid og handsaminga gått føre seg over mange år i kommune, hjå statsforvaltar og i rettssystem. Det ligg ikkje til kontrollutvalet sitt mandat å vurdere sjølve saka.

Kontrollutvalet kan imidlertid vurdere å bruke saka som utgangspunkt for å avklare følgjande:

- om formell skriftleg kommunikasjon til/frå kommunen blir journalført og kjem fram i offentlege postlister i samsvar med regelverket
- om krav til førebels svar og frister i sakshandsaming er i samsvar med forvaltningslova og evt. særlovverk.

Den kommunale sakshandsaminga er utført av same eining som har ansvar for plan- og byggesak. Problemstillingane grenser difor både mot prosjekttema 1. Internkontroll og kvalitetssystem og 5. Plan- og byggesak.

Formålet må vera å avklare om dette er tema som kontrollutvalet bør prioritere ved komande forvaltningsrevisjonar. Det kan difor vera formålstenleg å ta utgangspunkt i ei konkret sak der det blir hevd at kommunen ved fleire høve ikkje har handsama dialog og sak i samsvar med regelverk. Ein slik gjennomgang må imidlertid tydeleg avgrensast til vurdering av samsvar med regelverk og frister for sakshandsaming og skal ikkje vurdere i kva grad eventuelle avvik har hatt konkrete verknader eller konsekvensar for utfall i sjølve saka.

Kontrollutvalet si rolle i denne samanhengen er å vurdere om det er grunnlag for å sjå på systematikk, rutiner og samsvar på generelt grunnlag. Formålet med gjennomgangen blir difor i første omgang å konkludere med om det er grunnlag for å gjera ein meir omfattande kontroll.

Utvalsleiar har formulert følgjande framlegg til vedtak i e-posten av 22.04.21:

Vindafjord kontrollutval ber sekretariatet gå gjennom den kommunikasjonen som har gått føre seg i saka, avgrensa til dialog mellom kommune og sakspart.

Gjennomgangen skal avdekke om korrespondanse er journalført/postlisteført i samsvar med regelverk. Vidare om frister for førebels svar og sakshandsaming er overhalde.

Ein ber sekretariatet gjera ei vurdering av om dette temaet kan vera aktuelt å prioritere for ein meir generell kontroll.

Sekretariatet sin vurdering

Sekretariatet meiner kontrollutvalet i Vindafjord utfører sine pålagde oppgåver på ein god måte. Utvalet handsama kommunen sin årsrekneskap og årsmelding, samt forenkla etterlevelseskontroll om økonomiforvaltninga i møtet 05.05.21. I same møtet handsama utvalet oppfølging av ein forvaltningsrevisjonsrapport og utvalet fekk ein generell orientering frå økonomisjefen om arbeidet i økonomiavdelinga.

Kontrollutvalet sitt arbeid følgjer elles eit planlagt årshjul, som sikrar at utvalet sine oppgåver blir gjennomført.

Utvalsleiar skriv at «problemstillingane grenser difor både mot prosjekttema 1. Internkontroll og kvalitetssystem og 5. Plan- og byggesak» i henhold til plan for forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet har tinga rapport om «*Internkontroll i barnehage og skule*» for levering i septembermøtet. I følgje prosjektplanen vil ikkje dette prosjektet ta føre seg emner om fristar for journalføring eller svarfristar. Prosjekt om «*Plan- og byggsak*» er prioritert som nr 5 i planen. Det tilseier at det vil ta noko tid før det er aktuelt å velje dette prosjektet. Utvalet er delegert mynde til å kunne gjera om på prioriteringslista, dersom dei meiner det er naudsynt.

Utvalsleiar ønskjer at sekretariatet skal gå inn i ei enkeltsak for å avdekke om korrespondanse er journalført/postlisteført i samsvar med regelverk og om fristar for førebels svar og sakshandsaming er overhalde. Sekretariatet og utvalet, unntatt utvalsleiar, har lite informasjon om saka. Det framstår som ei sak som har versert i fleire offentlege instansar over mange år.

Sekretariatet har ikkje ressursar til denne type arbeidsoppgåver og har heller ikkje tidlegare nytta tida til slike oppgåver. Det vanlege er at forvaltningsrevisor gjer slike undersøkingar i samanheng med ein forvaltningsrevisjon.

Sekretariatet har ikkje føresetnad for å vurdera arbeidsmengda for dette arbeidet. Det vil vere eit arbeid som kjem i tillegg til arbeidsoppgåvene sekretariatet allereie skal utføre. I samanheng med overgang til nytt revisjonsselskap (Rogaland Revisjon IKS) for 9 av kommunane sekretariatet betener, er det venta at det vil bli ein del meir arbeid resten av året. Sekretariatet har ikkje høve til å setje av meir ressursar til Vindafjord kontrollutval til ei slik ekstraoppgåve.

Utvalet kan også bidra til at det blir skapt forventningar på feil premiss dersom det blir kjent at «*no skal kontrollutvalet sjå på saka på nytt*».

Sekretariatet har som vanleg prosedyre å informere om resultatet av utvalet si handsaming til den som har henvendt seg til utvalet. I denne saka er det ikkje noko skriftleg materiale eller anna informasjon om den som har tatt kontakt. Ei løysning her er at utvalsleiar gjev ei munnleg tilbakemelding til vedkommande.

Sekretariat meiner det vil vere meir fornuftig bruk at tid og ressursar at utvalet merker seg innspelet og tar det med seg vidare når nye prosjekt for forvaltningsrevisjon skal veljast.

Aksdal, 09.06.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utvale	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	16.06.21	18/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

INFORMASJONSSTRATEGI FOR KONTROLLUTVALET

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval ber kommunedirektøren sørge for at kontrollutvalet sine saksdokument blir lagt inn i Vindafjord kommune sin politikarportalen, slik at dokumenta blir tilgjengeleg på kommunen si nettside på lik linje med øvrige utval.

Saksorientering

Bakgrunn

Vindafjord kontrollutval gjorde følgjande vedtak i møte 03.02.21 under sak Ymse:

Utdalsleiar ønskjer å utarbeide ei sak, saman med sekretariatet, om ein informasjonsstrategi for utvalet. Framlegget vil han leggje fram for utvalet til våren. Utvalet stett hans framlegg.

Om informasjonsarbeid

I kontrollutvalshandboka heiter det mellom anna at arbeidet til kontrollutvalet vil ofte vere av stor offentleg interesse. Kontrollutvalet kan synleggjere sitt arbeid både internt i kommunen og overfor media og innbyggjarane i kommunen.

Synleggjering har fleire sider, mellom anna offentlegheit og innsyn i dokument, aktiv deltaking i kommunestyret og medieomtale av arbeidet til utvalet. Openheit er i seg sjølv eit mål for den offentlege forvaltninga. Synleggjering av arbeidet til kontrollutvalet vil vere viktig for å skape tillit til at kommunen er underlagd ein tillitvekkjande, folkevald kontroll

Synleggjering av kontrollutvalet sitt arbeid overfor kommunestyret

Det er viktig at kommunestyret blir informert om resultata av verksemda til kontrollutvalet. Kontrollutvalet kan ta initiativ overfor kommunestyret til å drøfte rutinar for kor ofte kontrollutvalet skal rapportere om sitt arbeid. Kontrollutval kan tidleg i valperioden halde ein presentasjon for kommunestyret om kontrollutvalet og arbeidet til kontrollutvalet.

For å sikre at arbeidet til kontrollutvalet får tilstrekkeleg merksemd, bør revisjonsrapportar og andre prinsipielle og viktige saker rapporterast fortløpende til kommunestyret. I tillegg vil det

vere ein føremon at kontrollutvalsleiar medverkar aktivt til å synleggjere utvalet sitt arbeid i kommunestyret.

Kontrollutvalet orienterer kommunestyret om sitt arbeid i årsmeldinga kvart år. Utvalsleiar, som også er kommunestyremedlem, legg fram rapportar, oppfølging av rapportar, uttale til årsrekneskapen og andre saker der kontrollutvalet har innstningsrett for kommunestyret.

Sekretariatet har tidlegare deltatt i folkevaldopplæringa i samanheng med ny valperiode. Då for å orientere politikarane om utvalet og utvalet sitt mandat.

Synleggjering av kontrollutvalet sitt arbeid eksternt

Det er viktig at informasjon om kontrollutvalet er lett tilgjengeleg. Media og innbyggjarar søker informasjon om saker knytte til politikk og forvaltning på nettstaden til kommunen. Mange kontrollutval ser det som ein føremon å ha eigne sider med informasjon om utvalet på nettstaden til kommunen. Særleg viktig er det å leggje til rette for at ein kan finne informasjon om kontrollutvalet og planlagde møte. Kontaktinformasjon til kontrollutvalssekretær og/eller kontrollutvalsleiar bør vere lett tilgjengeleg

Det kan vere nyttig at kontrollutvalet drøftar korleis dei skal møte media. Innspel til diskusjonen kan vere:

- grunnleggande prinsippa for kva som er føremålet med utvalet sin kontakt med media,
- retningslinjer for kva kanalar som blir nytta (Internett, pressemeldingar, direkte kontakt med journalistar), og når dei skal nyttast, og
- retningslinjer for kven som skal uttale seg på vegne av utvalet.

Kontrollutvalet sitt reglement

I reglementet for Vindafjord kontrollutval som blei vedteke av kommunestyret 22.09.20, sak 43/20 heiter det i pkt. 7.5 om informasjon:

Det er normalt leiar av kontrollutvalet som uttalar seg til pressa og andre, på vegne av kontrollutvalet, om saker som utvalet har til handsaming.

Sekretariatet sine oppgåver

I kommunelova § 23-7 om sekretariat står det mellom anna:

Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstiller utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.

Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til

a) *ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget*

.....

Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.

I e-post 22.04.21 til sekretariatet skriv utvalsleiar følgjande:

Kontrollutvalet i Vindafjord har over fleire periodar etterlyst at informasjon om kontrollutvalet og sakene som vert handsama i utvalet inngår som ein integrert del av kommunen sine nettsider og politikarportalen.

Som første steg i arbeidet med informasjonsstrategi ønsker ein å prioritere dette. Konkret er det ønskeleg at kontrollutvalet sine medlemmer og varamedlemmer kan finne sine saker i ACOS politikarportalen som for KS, FS og andre faste utval. Herunder at møter og saker dermed kjem fram saman med andre utval på kommunen sine nettsider.

Kontrollutvalssekretariatet må såleis få tilgang til å administrere dette for kontrollutvalet slik politisk sekretariat gjer det for dei øvrige utvala i Vindafjord. Dette vil gjera saksarbeidet meir effektivt for kontrollutvalet sine medlemmer og gi betre offentlegarbeit.

Utvalsleiar har formulert følgjande framlegg til vedtak i e-posten av 22.04.21:

Vindafjord kontrollutval ber sekretariatet prioritere arbeidet med å få innlemma kontrollutvalet i Vindafjord kommune sin politikarportalen og at utvalet sine møter, sakspapir og protokollar er å finne innafor kommunen sine nettsider som for øvrige utval.

Sekretariatet sin vurdering

Sekretariatet meiner det er viktig at informasjon om kontrollutvalet er lett tilgjengeleg. Informasjon om politiske møte og avgjersler i politiske fora må bli gjort kjent for befolkninga og for pressa. Saksdokument og anna informasjon blir lagt ut på kommunen si nettside.

Sekretariatet stettar utvalsleiar sitt syn på at informasjonen om kontrollutvalet sine møter, sakspapira, protokoller mm. kan bli lettare tilgjengeleg på kommunen si nettside.

I samarbeidsmøte 26.05.21 mellom politisk leiing, administrativ leiing og leiar, nestleiar og utvalssekretær var arbeidet i kommunestyret og synleggjering av utvalet to av dei tema som blei drøfta.

I referatet frå møte heiter det mellom anna:

Kontrollutvalsleiar peika på at det viktig at rollene som kontrollutvalsleiar og kommunestyrerepresentant er avklart i handsaming av saker frå kontrollutvalet i kommunestyret. Særleg gjeld det i saker der det er dissens i kontrollutvalet si innstilling, og utvalsleiar er blant mindretalet. Nestleiar mente at i ein slik situasjon kunne det vere aktuelt at ho deltok i kommunestyrehandsaminga.

Sekretæren opplyste at det no er mogleg å leggja kontrollutvalet sine saksdokument, protokollar mm. inn i oversikten over politiske møte (ACOS) på nettsida til kommunen. Administrasjonen vil følgje dette opp.

VINDAFJORD KOMMUNE

Saksframlegg

Det er altså no teknisk mogleg å få lagt sakskarta, protokollar mm. frå kontrollutvalet inn i ACOS, slik at dei blir tilgjengelege på Vindafjord kommune sin politikarportal på same vis som for øvrige utval. Sekretariatet vonar at dette kjem raskt på plass. Det vil gjere at informasjon om utvalet blir samla på ein plass og informasjonen om utvalet lettare tilgjengeleg.

Sekretariatet skal som det heiter i lova «*være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon*». Det må difor vere eit skilje mellom sakshandsamarsystemet til kommunen og sekretariatet. Sekretariatet har pr. i dag ikkje eit sakshandsamarsystem.

Kontrollutvalet sine saksdokument blir lagt ut på sekretariatet sine nettsider, www.kontrollutvalgene.no

Aksdal, 09.06.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær